



# Innst. 96 S

(2011–2012)

## Innstilling til Stortinget frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen

Prop. 23 S (2011–2012), kap. 1020, 1021 og 1022

### Innstilling frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Fiskeri- og kystdepartementet

Til Stortinget

#### Samandrag

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår endra løyving under kap. 1020 og å gjere mindre forbruk for oppdragsnemnd overførbar under kap. 1021 Drift av forskingsverktøy og kap. 1022 Nifes.

#### Kap. 1020 Havforskningsinstituttet

##### *Post 1 Driftsutgifter*

INNLEIGE AV ERSTATNINGSFARTØY TIL ØKOSYSTEMTOKT

Forskningsfartøyet «G.O.Sars» måtte takast ut av drift ein periode hausten 2011 på grunn av motorproblem. Det har ikkje vore mogleg å omdisponere dei andre forskningsfartøya for å dekkje planlagte tokt med «G.O.Sars» i den perioden fartøyet var ute av drift. Havforskningsinstituttet måtte derfor leige inn eit erstatningsfartøy for å kunne gjennomføre økosystemtokt i Barentshavet. Dette toktet er heilt naudsynt for å oppfylle dei forskings- og overvåkingsoppgåvene instituttet har. Departementet foreslår derfor å auke kap. 1020 post 1 med 5,1 mill. kroner.

##### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

PERIODISERINGSAVVIK FOR OPPDRAG UNDER HAVFORSKNINGSINSTITUTTET

Havforskningsinstituttet hadde både i 2009 og 2010 eit større kontant uheimla meirforbruk ved års-

slutt sjølv om det var tilstrekkelege kontraktfesta oppdragsinntekter til å dekkje meirforbruket. Avviket skuldast at ein del av dei kontraktfesta prosjektinntektene blir innbetalte etterskotsvis, slik at nokre av inntektene knytte til prosjektutgifter i budsjettåret kjem inn året etter.

Havforskningsinstituttet arbeider for at det kontante periodiseringsavviket blir så lite som mogleg. Instituttet bereknar likevel at løyvinga på post 21 vil vere 15 mill. kroner for låg til å dekkje utgifter som er komen til i 2011.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga under post 21 Spesielle driftsutgifter med 15 mill. kroner i 2011. Departementet vil foreslå ein tilsvarende auke av inntektsløyvinga på kap. 4020 post 3 i samleproposisjonen som blir lagd fram i samband med revidert nasjonalbudsjett 2012.

#### Kap. 1021 Drift av forskingsfartøy

##### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

BUDSJETTMESSIG HANDTERING AV OPPDRAGSVERKSEMMA

For å sikre at eventuelle større kontante samla mindreforbruk for oppdragsverksemda ut over 5 pst. av løyvinga på posten kan overførast, foreslår departementet at stikkordet «kan overførast» blir tilføya posten, jf. forslag til romartalsvedtak.

#### Kap. 1022 Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning

##### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

BUDSJETTMESSIG HANDTERING AV OPPDRAGSVERKSEMMA

For å sikre at eventuelle større kontante mindreforbruk for oppdragsverksemda ut over 5 pst. av løyvinga på posten kan overførast, foreslår departemen-

tet at stikkordet «kan overførast» blir tilføya posten, jf. forslag til romartalsvedtak.

### Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Tor Bremer, Svein Gjelseth, Stine Renate Håheim, Hadia Tajik, Truls Wickholm og leiaren Marianne Aasen, frå Framstegspartiet, Mette Hanekamhaug, Tord Lien og Bente Thorsen, frå Høgre, Elisabeth Aspaker, Svein Harberg og Henning Warloe, frå Sosialistisk Venstreparti, Aksel Hagen, frå Senterpartiet, Anne Tingelstad Wøien, frå Kristeleg Folkeparti, Dagrun Eriksen, og frå Venstre, Trine Skei Grande, viser til proposisjonen.

### Tilråding frå komiteen

Komiteen syner til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slike

vedtak:

#### I

I statsbudsjettet for 2011 blir det gjort følgjande endringar:

Kap	Post	Formål	Kroner
<b>Utgifter</b>			
1020		Havforskningsinstituttet	
	1	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå 342 073 000 til 347 173 000	5 100 000
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med ..... frå 289 400 000 til 304 400 000	15 000 000

#### II

#### *Tilføyning av stikkord*

Stortinget samtykkjer i at stikkordet «kan overførast» blir tilføya kap. 1021 Drift av forskingsfartøy, post 21 Spesielle driftsutgifter og kap. 1022 Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning, post 21 Spesielle driftsutgifter, i statsbudsjettet for 2011.

Oslo, i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, den 1. desember 2011

**Marianne Aasen**

leiar

**Tord Lien**

ordførar